

TEIKNINGAR – KVA KREVST?

Når må du sende inn teikningar?

Du må sende inn teikningar til kommunen når du skal gjere byggje-/anleggsarbeid som er søknadspliktige etter §§ 20-2 – 20-4 i plan- og bygningsloven og forskrift om byggesak (SAK10) kapittel 2 og kapittel 3. I medhald av SAK10 § 5-4 skal teikningane bli sende som vedlegg til *søknad om løyve til tiltak* (tiltak = det du skal byggje/gjere.) Det er viktig at kommunen får teikningar av alle dei planlagde endringane og alle planlagde nybygg, utforma slik at det er lett å sjå kva du søker om.



Kva slags teikningar skal du sende inn?

Vanlegvis skal plan-, snitt- og fasadeteikningar liggje ved søknaden. Kva du må ha med på desse teikningane varierer noko, avhengig av type tiltak. Nokre gonger kan det vere behov for å supplere med fleire teikningar, som til dømes teikningar av terrengprofil, perspektivteikningar og liknande.

Generell utforming av teikningane:

- Planteikningar, snitteikningar og fasadeteikningar skal vere i målestokk 1:100. For større bygg kan dei vere i målestokk 1:200. Vel målestokk på teikninga ut ifrå kva som er mest føremålsteneleg med tanke på storleiken på tiltaket. 1:100 betyr at 1 cm på papiret er 1 m i røynda. Oppgje på teikninga kva slags målestokk du har valt.
- Teikningane skal vere fagmessig gjort og gje eit korrekt bilete av bygningen/konstruksjonen. Det vil mellom anna seie at
 - teikningane skal ha rette strekar, dei skal til dømes ikkje vere teikna for hand utan linjal.
 - alle relevante mål skal vere oppførte på teikningane.
- Kvar teikning skal ha eit tittelfelt som inneheld denne informasjonen:
 - gardsnummer og bruksnummer, og eventuelt festenummer eller seksjonsnummer, for eigedomen der du skal byggje
 - byggjeadresse
 - namn på tiltakshavar/ansvarleg søkjar (tiltakshavar = du som skal byggje/byggherre)
 - type tiltak – altså kva som skal bli bygd
 - type teikning (til dømes planteikning 1. etasje, snitteikning eller fasade aust)
 - teikningsnummer
 - målestokk på teikninga
 - datoen for teikninga
 - eventuell revideringsdato
 - vedleggsnummer som stemmer med det som er oppgjeve i søknaden
- Når tiltaket gjeld fasadeendring, tilbygg, påbygg, underbygg eller innvendig endring, må teikningane vise tydeleg kva som er eksisterande bygg og kva som er nytt. Marker område med endringar på teikninga med til dømes tjukkare strekar eller eigen farge.
- Teikningar skal vanlegvis bli leverte på ark i storleiken A4 eller A3.
- Leverer du søknaden elektronisk må du leggje kvar teikning som vedlegg i eiga fil (PDF filformat). Namnet på kvart vedlegg må forklare kva dokumentet inneheld, til dømes "Fasade nord" eller "1. etasje". Ved elektronisk innsending gjev du teikninga og fila same namn

TEIKNINGAR – KVA KREVST?**På planteikningane skal du vise:**

- Alle etasjar. Marker riktig etasjenamn på teikninga (til dømes kjellar, 1. etasje)
- Kva del av bygget snitteikninga viser. Marker dette med piler (sjå døme)
- Dei utvendige måla på bygget. Det er viktig at du viser måla på tilbygg også, dersom du søker om det.
- Ytterveggar med riktig tjukkeleik.
- Planløyising - altså rominndeling – som viser kva alle romma skal bli brukt til (til dømes bad, soverom, stove).
- Kva som er separate brukseiningar/bueiningar, dersom bygget har fleire brukseiningar/bueiningar.

Når tiltaket omfattar innvendige endringar i eksisterande bygg, skal du levere inn planteikning av heile etasjen der endringane skal skje. Marker tydeleg kva som er endringane.

Søker du om tilbygg/påbygg skal planteikninga vise heile etasjen, både eksisterande areal og tilbygg/påbygg. Marker tydeleg kva som er tilbygg/påbygg.

På fasadeteikningane skal du vise:

- Heile bygget, ei teikning av kvar fasade. Vis på teikningane kva himmelretning fasaden vender seg mot (nord, sør, aust, vest).
- Bygget sin eksteriørkarakter/arkitektoniske utsjånad, og materialval.
- Terrenghliner som viser eksisterande og framtidig planert terreng. Terrenghlinene skal vise høgde etter kotane (meter over havet) på situasjonskartet. Terrenghlinene skal visast fram til skjeringpunktet mellom eksisterande og framtidig planert terreng. Teikn eksisterande terreng med stipla strek og framtidig terreng med heil strek. Der tiltaket eller terrengendringar ligg nære eigedomsgrensa, skal du også vise eigedomsgrensa.
- Ved tilbygg og påbygg skal du sende inn teikningar der alle fasadar er synlege.

På snitteikning skal du vise:

- Innvendige høgder: fri høgde i kvar etasje. Påfør måla på teikninga.
- Utvendige høgder: møne- og gesimshøgde samt taktekking. Mål desse høgdene frå gjennomsnittshøgda for ferdig planert terreng. Påfør måla for gjennomsnittshøgde ferdig planert terreng (oppgje dette i meter over havet) samt høgdene for møne og gesims, på teikninga.
- Bygget si høgdeplassering i meter over havet (kotehøgde). Det vil oftaste vere føremålsteneleg at du oppgjev dette for overkant av fundament eller golv. Du reknar ut høgdeplasseringa ut frå kotehøgdene på kartet. I nokre tilfelle, som ved innvendige endringar og mindre tilbygg, er det ikkje naudsynt å vise høgdeplasseringa.
- Terrenghliner, på same måte som beskrive for fasadeteikningane.
- Ytterveggar og tak med riktig tjukkeleik.
- Takvinkel med grad oppgjeve.

TEIKNINGAR – KVA KREVST?**Teikningar av terrengprofil:**

Nokre gonger vil ikkje høgdeplasseringa av tiltaket sett i samanheng med bygningane rundt, naboeigedom, veg og liknande vere tydeleg nok på fasade- eller snitteikninga. I slike tilfelle kan det hende at du må vise dette på ei eiga teikning av terrengprofilen. Nokre gonger er det også ønskjeleg at du viser høgde for eventuell tilkomstveg på denne teikninga.

Perspektivteikning:

Perspektivteikning kan ikkje erstatte verken planteikningane eller fasadeteikningane, men kan i einstilte saker vere eit godt tillegg til fasadeteikningar for å illustrere korleis det du skal bygge vil bli sjåande ut.

For fleire detaljar om krav til innhald i teikningane, sjå [NBR Spesifikasjon for teigningsmateriale - endelig utgave vedtatt 10.10.2002](#).

TEIKNINGAR – KVA KREVST?**Sjekkliste:**

Har du hugsa dette?	Ja	Uaktuelt	
Teikningar av alle fasadar			
Teikningar av alle etasjar/plan			
Snitteikning(ar)			
Eventuelt teikningar av terrengprofil, perspektivteikningar m.m.			
Teikningane er i målestokk (vanlegvis 1:100 eller 1:200)			
Teikningane skal vise både eksisterande og nytt, og tydeleg kva som er nytt			
Teikningane er fagmessig gjort. Det vil mellom anna seie at dei er teikna med rette strekar, ikkje for hand utan linjal.			
Planteikningane viser:	Kva etasje det er (til dømes kjellar, 1.etasje)		
	Kvar snittet for snitteikning er lagt		
	Alle utvendige mål		
	Ytterveggar med riktig tjukkeleik		
	Planløyising, altså rominndeling, der det står kva alle romma skal brukast til (til dømes bad, soverom, stove)		
	Plassering av dører og vindauge		
	Kva som er eigne brukseiningar/bueiningar dersom fleire		
	Heile etasjen med endringane tydeleg markerte, dersom det er innvendige endringar i eksisterande bygg		
For tilbygg/påbygg: vis heile etasjen, eksisterande og nytt areal			
Fasadeteikningane viser:	Heile bygget, påført riktige himmelretningar		
	Ved tilbygg/påbygg: alle fasadar som blir endra		
	Utsjånaden til bygget og materialval		
	Liner for eksisterande og framtidig ferdig planert terreng på heile tomte fram til eigedomsgrense. Vis overgang til naboTomt/veg		
Snitteikning viser: <i>Døme på korleis måle møne- og gesimshøgde:</i>	Mål for innvendige høgder; fri høgde i kvar etasje		
	Mål for utvendige høgder; møne- og gesimshøgde		
	Ytterveggar og tak med riktig tjukkeleik		
	Takvinkel med grad oppgjeve		
	Terrengliner som beskrive for fasadeteikningane		
	Kotehøgde for gjennomsnitt ferdig planert terreng		
	Sokkelhøgde/høgde overkant ferdig golv eller liknande oppgjeve i meter over havet		
Alle teikningar har eit tittelfelt med følgjande informasjon:	Gardsnummer og bruksnummer, eventuelt festenummer eller seksjonsnummer		
	Veg-/gateadresse til eigedomen		
	Namn på tiltakshavar/ansvarleg søkjar		
	Kva som skal bli bygd/gjort (til dømes einebustad, garasje, tilbygg, bruksendring, støttemur)		
	Type teikning (til dømes fasade, plan, snitteikning)		
	Teikningsnummer		
	Målestokk på teikninga		
	Datoen for teikninga		
	Dato for når teikninga eventuelt er revidert		
Vedleggsnummer (det same som i søknaden)			

TEIKNINGAR – KVA KREVST?

Døme på teikningar (NB! Dei er ikkje i målestokk):

Planteikningar: (På desse teikningane kan du i tillegg gjerne vise faste innreingar.)

<p>PLAN UNDERETASJE</p> <p>Tiltakshavar: Peder As Nerkvernvegen 4A, 2380 Brumunddal Regionen Fossenfeltet, Ringsaker kommune G.U./nr./3/2v. 154/53</p> <p>MÅL 1 : 100</p> <p>Dato 30.11.20 Sign: FA Tegningnr.: 3489 – 602</p>	<p>PLAN 1. ETASJE</p> <p>Tiltakshavar: Peder As Nerkvernvegen 4A, 2380 Brumunddal Regionen Fossenfeltet, Ringsaker kommune G.U./nr./3/2v. 154/53</p> <p>MÅL 1 : 100</p> <p>Dato 30.11.20 Sign: FA Tegningnr.: 3489 – 602</p>

Fasadeteikningar:

<p>FASADE 1-4</p> <p>Tiltakshavar: Peder As Nerkvernvegen 4A, 2380 Brumunddal Regionen Fossenfeltet, Ringsaker kommune G.U./nr./3/2v. 154/53</p> <p>MÅL 1 : 100</p> <p>Dato 30.11.20 Sign: FA Tegningnr.: 3489 – 602</p>	<p>FASADE 1-2</p> <p>Tiltakshavar: Peder As Nerkvernvegen 4A, 2380 Brumunddal Regionen Fossenfeltet, Ringsaker kommune G.U./nr./3/2v. 154/53</p> <p>MÅL 1 : 100</p> <p>Dato 30.11.20 Sign: FA Tegningnr.: 3489 – 602</p>

Snitteikning:

Terrengprofil:

TEIKNINGAR – KVA KREVST?

SNITT	Tiltaksnr Peder As Nerkevernvegen 4A, 2380 Brunndal Prosjekt Fossenfeltet, Ringsaker kommune Gårdsnr/Br 154/53	MAL 1 : 100 Dato 31.03.2021 Tegner 501

PROFILER	Tiltaksnr Peder As Nerkevernvegen 4A, 2380 Brunndal Prosjekt Fossenfeltet, Ringsaker kommune Gårdsnr/Br 154/53	MAL 1 : 200 Dato 31.03.2021 Tegner 501